



Kvam Høgre



Foto: Ronny Bru

Program for Kvam Høgre 2023–2027

Våre hjartesaker

- Kvam Høgre vil investera i lærarar, barnehagelærarar og støttepersonell. Me skal jobba aktivt for å tilby 100% stillingar til dei som ynskjer det, og tilretteleggja for vidareutdanning og kompetanseheving
- Kvam Høgre vil styrke helse- og omsorgstenesta ved å investere i utøvande helsepersonell sin kompetanse og arbeidsvilkår, og sikre at Kvam er ein attraktiv arbeidsgjevar.
- Me skal prioritere operativt fagpersonell innan oppvekst og helse, framfor administrative stillingar
- Me vil tilretteleggja for næringsutvikling gjennom næringsareal, utvikling av infrastruktur og samarbeid
- Tilretteleggja for at bassenget i Ålvik skal kunne drivast vidare etter 2023. Bassenget er viktig for innbyggjarane våre i Ålvik
- Kvam Høgre vil styrkja den politiske styringa av kommunen. Me skal sikra at politiske vedtak vert fulgt opp av administrasjonen på ein ansvarsfull og effektiv måte.
- Me vil sikra 13 sjukeheimslassar ved Strandebarm Omsorg
- Legetilbodet i Ålvik og Strandebarm skal halda fram som i dag
- Kvam Høgre vil jobba for at den nye barneskulen i Øystese skal ferdigstillast i løpet av komande valperiode. Skulen skal vera moderne og dimensjonert for framtidig vekst i elevtal
- Me vil at barneskulen i Tørvikbygd skal drivast vidare i perioden. Det skjer mykje spanande i Tørvikbygd for tida. Kvam Høgre meiner derfor at barneskulen må få leva vidare, slik at bygda framstår som attraktiv for småbarnsfamiliar som vurderer å flytte til bygda
- Kvam Høgre skal få på plass nytt klubbhus og 7'ar-bane ved Norheimsund Stadion i denne valperioden
- Me skal få på plass ferdigregulert bustadareal for alle typer bustadformer i Norheimsund og Øystese

Innleiing

Programmet vårt tek utgangspunkt i Høgre sin føremålsparagraf:

Høgre legg vekt på kontinuitet mellom fortid og framtid. Me har arva eit samfunn prega av tillit, openheit og små skilnader, eit samfunn med høg verdiskaping og med velutbygde velferdsordningar. Det er plikta vår å ta vare på og vidareutvikle dette samfunnet for framtidige generasjonar. Me vil endre for å bevare. Med det meiner me at me må gjera nødvendige endringar i dag med omsyn til klima og miljø, økonomisk og sosial berekraft og velferd for framtidige generasjonar. Høgre sin politikk byggjer på ein kristen og humanistisk kulturarv. Alle menneske er fødde forskjellige, men med same ukrenkelege eigenverdi. Høgre meiner at mangfald og toleranse er viktige verdiar for det norske samfunnet. Mangfaldet bidreg til å utfordre og utvikle oss. Høgre er eit marknadsvenleg parti. Marknadsøkonomien fordeler økonomisk makt på fleire hender og sikrar deltaking av mange. Økonomiske og politiske maktkonsentrasjonar må unngåast gjennom mellom anna å sikre velfungerande konkurranse. Makt og ansvar bør plasserast så nær den enkelte, familien og lokalsamfunnet som mogleg. Staten bør ikkje få for mykje makt. Staten har ei plikt til å forvalte fellesskapet sine ressursar så effektivt som mogleg. Samfunnet er meir enn staten. Derfor krevst det grenser for politikk. Høgre ynskjer ein sterk, men avgrensa stat som sikrar innbyggjarane grunnleggjande tryggleik, velferd og like moglegheiter. Høgre meiner at samfunnet bør skapast og utviklast nedanfrå. Høgre meiner at kvar enkelt skal ha størst mogleg fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv og si eiga framtid, basert på respekt for andre og for fellesskapet.

Politikken vår byggjer på dette verdigrunnlaget:

- Tillit til enkeltmennesket; samfunnet består av enkeltmenneske og samfunnet styrkjer enkeltmenneske
- Fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv
- Respekt for andre og for fellesskapet
- Samhald og solidaritet menneske imellom
- Omsorg for den som treng det
- Samspel mellom personleg fridom, sosialt ansvar og dei private og offentlege fellesskapa
- Makt og ansvar plassert så nær den enkelte og familien som mogleg

Heradet som organisasjon

Kvam herad skal tilby eit effektivt brukarretta tenestetilbod, og ha ein effektiv og målretta administrasjon som legg til rette for dette.

Kvam Høgre skal arbeida for at plan og byggesaksavdelinga i Kvam herad har kontinuerleg drift i sitt planarbeid for næringsfremjande tiltak.

Kvam Høgre vil arbeida for å få meir igjen for pengane i det offentlege tenestetilbodet gjennom god økonomistyring, kontroll og jevnlege rapporteringar.

Kvam herad skal ha ein sunn økonomi. Dette skal oppnåast gjennom god økonomistyring og kontroll som igjen gjev økonomisk handlerom.

Kvam Høgre sin politikk byggjer på eit aktivt, inkluderande og levande folkestyre.

Kvam herad skal føra ein personalpolitikk som gjer det interessant og inspirerande å jobba i heradet. Heradet skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar, slik at dei politisk vedtekne måla vert nådde.

Oppvekst



Kvam Høgre vil arbeida for at alle som bur her, skal få ein trygg og god oppvekst. Me meiner at den beste investeringa me kan gje framtidige generasjonar, er eit godt tilbod til dei unge. Me vil prioritera barnehagar og skular og leggja vekt på førebyggjande arbeid, der ungane får hjelp tidleg når det er nødvendig.

Kvam Høgre skal prioritera oppvekstsektoren og setja barn og unge i fokus. Me vil investera i lærarar, barnehagelærarar og støttepersonell for å skapa trygge og inkluderande læringsmiljø. Me skal aktivt tilby 100% stillingar i barnehagane for dei som ynskjer det, for å sikra stabilitet og kvalitet i omsorga for våre yngste innbyggjarar. Kvam Høgre vil leggja til rette for vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette, slik at me kan levera best mogleg utdanning og støtte til elevane. Trygge og gode rammer i barnehagar og skular er essensielt for ein god barndom. Borna er framtida vår og skal alltid vera prioriterte når me tek politiske avgjerder.

Kvam Høgre vil styrkja skulen fagleg og pedagogisk, og betra det psykososiale miljøet med målretta tiltak mot mobbing. Me vil forsterka foreldreansvaret gjennom samarbeid mellom skule og heim. Kvam skal vidareutvikla seg som regionalt senter for skule og vidareutdanning. Kvam Høgre vil vidareføra ordninga med fritidskort i Kvam herad.

Me ynskjer å få på plass ein SLT-koordinator i Kvam. Denne skal ha til føremål å sikra at alle som arbeider med rus og kriminalitetsførebygging, møtest regelmessig, oppnår ei felles problemforståing og samordnar tiltaka sine. Me ynskjer også å etablera/oppretthalda rusfrie møteplassar for ungdom på kveldstid og i helgar. Førebyggjande arbeid mot rusmisbruk er viktig. Kvam herad vil samarbeida med foreldre og ideelle organisasjonar for å oppnå trygge møteplassar.

Me ynskjer gode uteområde ved alle skulane og barnehagane våre. Uteområda er ein viktig arena for leik og samspel, og skal stimulera til fysisk aktivitet.

Helse og omsorg



Alle innbyggjarane skal få den hjelpa dei treng og føla seg trygge når behovet oppstår.

Kvam herad vil i løpet av dei neste åra få eit auka behov for omsorgspersonar. For Kvam herad er det viktig å arbeida aktivt for å rusta opp omsorgstenesta, for å vera klar for framtidige utfordringar.

Kvam Høgre ynskjer å vekta målretta omsorg der heradet leverer tenester basert på behovet til den einskilde. Det er viktig at tenestene som blir leverte, har høg kvalitet og blir utførte av kompetente fagfolk.

Strandebarneheimen er i 2023 erstatta av ny bygning med navn Strandebarne Omsorg. Den nye bygninga inneheld 26 rom til brukarar med tilbod om heildøgnsomsorg. Kvam Høgre vil sikra at det i Strandebarne Omsorg vert etablert og drifta 13 sjukeheimspllassar. Kvam Høgre meinar at alle i dagens omsorgsbustad må få sjukeheimspllass i Strandebarne etter kvart som behovet for eit høgare omsorgsnivå melder seg. Med den demografiske utviklinga også Kvam står ovanfor, kan ein ikkje stå att med færre langtidsbehandlingspllassar enn kva heradet kunne tilby tidlegare.

Kvam Høgre skal arbeida aktivt for at det blir eit større fokus på rekruttering, mobilisering og at kommunen tek godt vare på helsepersonellet me har tilsett. Kvam herad må arbeida aktivt for at kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass. Kvam herad må tilby minst like gode løns- og arbeidsvilkår som våre nabokommunar. Det bør etablerast tidleg

kontakt med studentar som har lokal tilhørysle, og Kvam herad skal bli ein arbeidsgjevar som studentar ynskjer å komme tilbake til. Me ynskjer å løfta statusen til desse yrka.

Kvam Høgre vil oppretthalda eit godt rehabiliteringstilbod for funksjonshemma og styrka psykiatriske tenester som i stor grad må organiserast slik at brukarane får eit heilsakleg tilbod i heradet.

Kvam Høgre skal arbeida aktivt for:

- Leggja til rette for eit bærekraftig helsevesen med god kvalitet.
- Godt hjelpetilbod i alle livsfasar.
- Trygg og god eldreomsorg.
- Eldre som treng pleie skal møte eit helsevesen, der medråderett og forutsigbarheit spelar ei viktig rolle.
- I større grad vera pådrivarar for at vanskelegstilte innan rus og psykiatri får verdige buforhold i kommunen.

Sentrumsutvikling



Kvam Høgre vil vidareutvikla Norheimsund som eit attraktivt og levedyktig regionsenter med rik funksjonsblanding, eit breitt spekter av tilbod og tenester, samt god kommunikasjon til omverda. Norheimsund og Øystese skal framstå samla som eit

attraktivt område å etablera seg i, både for busetnad, næringsliv, ungdom, utflytte kvemmingar og ikkje minst nye tilflyttarar.

Kvam Høgre vil arbeida for at Ålvik, Øystese, Norheimsund, og Strandebarm framstår som attraktive og sjølvstendige buområde med gode tilbod innan helse og omsorg, skule og barnehage, kultur og aktiv fritid.

Me i Kvam Høgre vil akselerere arbeidet med ein ny og heilskapleg reguleringsplan for Øystese sentrum. Med dagens sentrumsplan frå 1991 og fleire mindre reguleringsplanar, er det naudsynt å få på plass ein ny overordna plan som sikrar strukturar og kvalitetar for heile området, samtidig som me legg til rette for eit nytt og moderne idrettsanlegg i Busdalen. Me ønsker å tiltrekke private investorar og offentlege aktørar for å skapa arbeidsplassar og aktivitet, samtidig som me ivaretok det unike ved bygda. Me støttar arbeidet utført av ABO plan og arkitektur AS, og vil aktivt jobba for framdrift. Me anerkjenner også Øystese Utvikling AS sin "Masterplan for Øystese 2060" som eit verdifullt innspele og relevant dokument for kommuneplanen sin framtidige arealdel. Med Kvam Høgre i førarsetet vil me sikra at Øystese sentrum blir ein moderne og attraktiv stad med gode idrettsanlegg som skapar vekst og velvære for innbyggjarane.

Tørvikbygd er eit viktig buområde i Kvam, og som i Strandebarm vil Kvam Høgre vil arbeida for å etablera byggeklare bustadtomter i samarbeid med kommunen og private aktørar. Me ynskjer å sikra ein god skule, barnehage og oppvekstmiljø for innbyggjarane i denne delen av heradet.

Kvam Høgre vil tilretteleggja for kommunal parkering i Norheimsund med gode tilkomstvegar for fotgjengarar ned til sentrum.

Samferdsle



Samferdsel er ein sentral vekstdrivar for framtidig utvikling i Kvam herad, både som ein bustadkommune og ein attraktiv næringskommune for komande generasjonar. Kvam Høgre vil jobba for investeringar og tiltak som styrkjer infrastrukturen og gjer det enklare for innbyggjarar og næringsliv å koma seg fram, samtidig som me tek omsyn til natur og miljø. Gjennom ei strategisk og framtidsretta tilnærming til samferdsel, kan Kvam herad byggja ein solid grunnmur for framgang og vekst i åra som kjem.

Kvam Høgre vil arbeida for:

- Nye tunellar på sambandet Trengreid – Steinsdalen,
- Ny tunell mellom Tørvikbygd – Odda
- Utbedtring E-134 over Haukeli – Oslo
- Utbetringar på visse strekningar på Fv. 79 frå Laupsa til Granvin
- Rassikring i Tokagjelet
- Tunell bak Norheimsund, grunna auka trafikk på Fv 49
- Utbedring strekningsvis på Fv 49 Tørvikbygd – Mundheim
- Fv 130 Tolomarka

Kvam Høgre er tydelege på at vegutbygging og rassikring skal vera eit ansvar for staten, og me vil jobba aktivt for å sikra finansiering frå sentrale myndigheter. Særleg ynskjer me å prioritera rassikringsprosjektet i Tokagjelet, då dette er ein viktig og kritisk infrastruktur for heile regionen.

Kvam Høgre meiner at dei årlege økonomiske løyvingane til vegsektoren i Hardanger er for små, og me vil difor arbeida for å auka desse opp mot regionale og sentrale styringsmakter.

Kvam Høgre vil arbeide for at Fv. 49 og 79 Trengereid - Granvin får endra status til riksveg, slik at framtidige løyvingar kjem frå riksvegsbudsjetta. Det må lagast planar for strekningsvise utbetringar på Fv. 79 frå Laupsa til Granvin, slik at denne vegen vert meir attraktiv som nærings- og turistveg.

Bustad



Kvam Høgre har som mål å sikra busetnaden i ulike deler av kommunen og ynskjer trivelege og trygge nærmiljø. Me vil difor arbeida for å få utarbeida og få på plass godkjende reguleringsplanar, for alltid å ha attraktive og byggjeklare tomter i kommunen. I planarbeidet er det viktig å leggje vekt på at kulturlandskap og estetikk/byggeskikk er framtredande, og blir lagde vekt på.

Kvam Høgre vil arbeida for at arealforvaltning i framtidige planar skal byggja på de lokale folkestyret.

Kvam Høgre vil styrkja busetnaden ved å oppretthalda og synleggjera den kommunale etableringslån/startlån-ordninga innafor rammene til Husbanken/Landbruksbanken.

Kvam Høgre legg vekt på eit større fokus på bustadmarknaden, slik at den treff dei som er ferdigutdanna og ynskjer å busetje seg i Kvam.

Kyrkje, kultur og fritid



Kyrkje

Kvam Høgre vil prioritera godt vedlikehald av kyrkjebygga og arbeida for å sikra nytt areal til gravstader i heradet, inkludert ny minnelund i Norheimsund og Øystese.

Kultur og idrett

Kvam Høgre vil prioritera og styrkja økonomien til idrettslag og organisasjonar som driv med barne- og ungdomsarbeid.


Me ynskjer å gje lokalt kulturarbeid gode rammer og arbeidsvilkår, og vidareutvikla satsinga til kulturgrupper og kulturskulen.

Me skal leggja til rette for å skapa arenaer som er gode møtestader for unge vaksne.

Kvam Høgre vil videreføra ordninga med fritidskort i Kvam herad.

Me ynskjer å få på plass nytt klubbhus og 7'ar-bane ved Norheimsund Stadion. Me skal tilrettelegge for idrettsanlegg i Busdalen, ved å få på plass reguleringsplan for Øystese sentrum. Slik at me sikra gode rammer for idrettsaktivitetar og styrkja nærmiljøet vårt.

Nærings



Ei av hovudsakene til Kvam Høgre, er at det skal vera tenleg næringsareal langs Fv. 7 og Fv. 49. Dette er ein viktig føresetnad for vekst og utvikling i kommunen. Kvam Høgre ynskjer å utvikla infrastrukturen i heradet for å leggja til rette for ein blomstrande næringssektor.

Landbruk er ei svært viktig næring i Kvam. Gjennom kommunen si arealdeling er det sikra areal til deponi av matjord som kan nyttast til oppgradering av jordbruksland eller til nydyrkning.

Kvam Høgre meiner Kvamskogen skal vera eit av dei viktigaste fjellområda i landsdelen for næringsverksemd, fritid og rekreasjon. Dette gjer det mogleg å møta den aukande etterspurnaden av hytter, leilegheiter, og eit variert tilbod for friluftsliv og fritid. Kvam Høgre skal vera ein viktig pådrivar med å få på plass ny kommunedelsplan for Kvamskogen i komande periode.

Hardanger og Hardangerfjorden er eit viktig område for reiseliv og har stor nasjonal verdi. Gjennom aktiv marknadsføring av Kvam som ein attraktiv reiselivs- og

opplevingskommune, og ved å tilby god kvalitet på hotell, hytter, bobilcamping og opplevelser, vil Kvam få større marknadsdelar av turismen i Vestland. I reiselivsnæringa som i andre næringar, skal Kvam Høgre føra ein aktiv og truverdig politikk som er interessant for både interne og eksterne investorar, som ser moglegheiter i Kvam.

Høgre vil at Kvam skal vera ein JA-kommune, der me ynskjer å støtta næringsutvikling som tek omsyn til vår unike natur og miljø. Me vil tilretteleggja for vekstnæringane innan fornybar energi, teknologi og marin sektor. Med Kvam Høgre i spissen blir det eit klart JA til arbeidsplassar, innovasjon og ei berekraftig framtid for alle!

Folkehelsa



Kvam Høgre er ein aktiv støttespelar for Helse i Hardanger (HiH) og trur på prosjektet som eit av dei mest banebrytande helse- og behandlingssentra i landet. Me skal jobba aktivt opp mot dei rette instansane for å hjelpe til vidare utvikling. Helse i Hardanger kombinerer kompetanse og smartteknologi for å mobilisera pasientane sine eigne ressursar og skape betre liv. Saman med pasientane som aktivt deltek, jobbar HiH for å løyse utfordringar knytte til helseplager som ryggproblem, Post Covid-19 fatigue, angst og depresjon, diabetes type 2 og kols, med eit team av fagfolk som samarbeider for å gje best mogleg behandling. Kvam Høgre skal vera ein sterk pådrivar for framtidig utvikling av Helse i Hardanger.

Eit viktig perspektiv er folkehelsearbeid, og Kvam Høgre vil arbeida aktivt for at heradet skal leggja til rette for faktorar som påverkar innbyggjarane si helse og trivsel gjennom følgjande tiltak;

- Skapa gode møteplassar inne og ute der folk kan møtast.
- Alle komande plansaker skal ha fokus på folkehelse gjennom heile planarbeidet.
- Kvam Høgre vil arbeida for å betra folkehelsa med mellom anna tilrettelegging og bygging av nye gangvegar, turstiar med møteplassar og benker. Legge til rette for bruk av sykkel gjennom trygge sykkelvegar og gjennomgåande fortau der forholda ligg til rette for dette.

Miljø



Kvam Høgre vil føra ein aktiv miljøpolitikk som tek opp i seg alle sider av miljøet, anten det gjeld auka gjenvinning, redusera omfanget av transport eller energitiltak i kommunale bygg og anlegg. Me er forplikta til å ta vare på miljøet for komande generasjonar og vil jobba hardt for å skapa ein meir berekraftig og miljøvennlig kommune.

Kvam Høgre vil ha ei aktiv haldning til innkjøp og bruk av nye kommunale køyretøy, for å sikra at dei er mest mogleg miljøvenlege. Me vil arbeida aktivt for å ha fokus på CO₂-reduserande tiltak, både i den kommunale administrasjonen og den daglege drifta i

kommunen. Ved å ta ansvar for handlingane våre, kan me vera med på å redusera miljøavtrykket og ta vare på den vakre naturen i Kvam for framtida.

Kvam Høgre vil ha fokus på moglegheiter for bruk og utvikling av fornybar energi.

Kvam Høgre vil stimulera og leggja tilrette for miljøskapande arbeid gjennom haldningar og kampanjar i barnehagar, skular og bedrifter i kommunen.

Kvam herad skal framstå som ein av dei fremste kommunane i Norge, der miljøet er integrert som ein sentral del av kommunen si daglege drift.

Kandidatpresentasjon

Nr. 1: Arne Sandven (42)

Familiemann frå Norheimsund. Arbeider som sjølvstendig rådgjevar gjennom eige selskap, primært innan risikostyring for oljenæringa.



«Eg vil prioritera det viktigaste først; oppvekst, helse og eldreomsorg og folk sin privatøkonomi»

Mine hovudsaker

- Auka politisk styring og tettare oppfylgjing av korleis administrasjonen fylgjer opp politiske vedtak
- Sikra at Kvam herad har nok kvalifiserte hender til å handtera eldrebølgja
- Prioritera dei yngste, eldste og mest vanskelegstilte innbyggjarane våre

Nr. 2: Haytham Sarmadawy (39)

Trebarnsfar frå Øystese. Driv og eig restaurant i heimbygda.



«Eg vil tilretteleggja for næringsutvikling gjennom regulering av næringsareal, utvikling av infrastruktur og samarbeid mellom det offentlege og private»

Mine hovedsaker

- Kommunen si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling
- Gode oppvekstvilkår for barn og ungdom
- Kvam som turist- og reiselivsdestinasjon

Kandidatliste

1. Arne Sandven (42), sjølvstendig rådgjevar, Norheimsund
2. Haytham Sarmadawy (39), restauranteigar, Øystese
3. Annlaug Kjoberg Tolo (40), Fagleiar for rekneskap, Norheimsund
4. Arne Opsahl-Engen (56), vikarprest / NAV-rådgjevar, Tørvikbygd
5. Frode Skeie (63), seljar og storkundeansvarleg, Norheimsund
6. Tarjei Hallvardson Bjørgum (39), Driller i Nordsjøen, Øystese
7. Adler Ekanger (66), pensjonert prosjekt- og fagforeningsleiar, Strandebarm
8. Arne Digernes (57), dagleg leiar, Øystese
9. Hans Petter Bugge (70), pensjonert veterinær, Norheimsund
10. Karina Hoff (43), sjukepleiar og tillitsvald, Norheimsund
11. Anders Hjartnes (42), dagleg leiar og ingeniør, Norheimsund
12. Terje Brurok (59), dagleg leiar, Tørvikbygd
13. Tonje Helen Gravdal (35), rekneskapsførar, Strandebarm
14. Jan Tore Uglehus Tveit (46), Rig Manager, Norheimsund
15. Jo Steine (54), dagleg leiar / entreprenør, Norheimsund
16. Ole Johannes Skaar Bakke (43), fagleiar innan gjenvinningsfaget, Norheimsund
17. Martin Lunestad (38), dagleg leiar, Øystese
18. Marit Sandven Oma (66), pensjonist, Norheimsund
19. Bjarne Mo (71), pensjonist, Norheimsund
20. Ivar Tveiten (70), pensjonist, Tørvikbygd
21. Oddvar Brakestad (70), dagleg leiar, Strandebarm